

# – ALLAHU AKBAR ...!

Klokka kan ikkje vere seks eingong når eg skvett til av at nokon roper.

Eg veit egentleg ikkje så mykje om Istanbul. Det er den mest kjende byen i Tyrkia, men ikkje hovudstaden. Éin del av Istanbul ligg i Europa og éin del i Asia. Det er berre ein liten båttur frå Europa til Asia, men vi er likevel i den same byen.

Eg ser ut av hotellvindaug, enno er det ikkje heilt lyst. Det er ein veldig, veldig stilig by. Like nedanfor hotellet er det ein stor moské, fuglane flyg over minaretane. Ei mengd båtar ligg i kø oppover Bosporos-stretet, dei er på veg inn i Svartehavet.

Det kjem fleire bønnerop, til slutt lyder ropa frå kanskje fleire hundre moskear samstundes.

